

Til kommunane i Region Nordhordland

Knarvik, 16. januar 2019

Skjønnsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane – 2019
Prioritering av Regionrådet

Me viser til skriv frå Fylkesmannen til kommunane datert 19.11.2018 om skjønsmidlar og om krav og retningslinjer for søknadane.

Fylkesmannen har sett av kr 27,6 mill. som vil bli nytta til fornyings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjønn) og til generell fordeling gjennom året der uventa hendingar vil bli teke omsyn til.

Me minner om at Regionråda har ei koordinerande rolle, skal vurdere søknadane og senda skriv til Fylkesmannen med prioritering mellom søknadane. Fylkesmannen vil i hovudsak prioritera å støtta samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar bl.a. fordi ein ynskjer at prosjektmidlane skal ha større nedslagsfelt og gje betre læringseffekt.

Fylkesmannen er ansvarleg for sjølv tildelinga, men vil byggja på prioriteringane frå Regionråda, og dei ynskjer at Regionråda skal bidra til at kommunane får fram gode prosjekt med sikte på fornying og innovasjon.

Alle søknadar som gjeld forsøkslova (lov om forsøk i offentleg forvaltning av 26. juni 1992 nr. 87) skal sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Fylkesmannen vil særleg prioritera desse områda i 2019.

1. Kommunale tenester til:

- helse og omsorg t.d. velferdsteknologi og auka krav innanfor rus og psykiatri
- barnehage- og skulemiljø
- barnevern eller barn som er utsette for vald og overgrep

2. Digital forvaltning, med vekt på brukarvenlege tenester og innhald:

- samarbeidsprosjekt som gjer at flest moglege av kommunane i fylket brukar same kompetanse- og teknologiplattform, vert prioriterte

3. Samfunnsutvikling til dømes på desse områda:

- rekruttering
- interkommunalt planarbeid til dømes om folkehelse, massedeponi, oppdrett og akvakultur
- kommunale planverktøy og digitale kart
- samfunnstryggleik og beredskap
- klimatilpassing eller tiltak for å redusera klimagassutslepp

4. Interkommunale utviklingsprosjekt:

- utgreiingar som grunnlag for vidare prosessar i kommunereforma
- tenestesamarbeid på område der det har oppstått endringar som følgje av kommunereforma
- samarbeid om skogbruks- og landbruksforvaltninga

Det er kommunane sjølve som skal søkja om midlar og stå som ansvarleg for prosjektet, og det må vera kommunane sjølve som skal vera den sentrale part både som initiativtakar og deltakar i prosjekt som oppnår skjønsmidlar.

Søknadsskjema 2019 ligg på database. <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Søknadsfristen frå kommunane til fylkesmannen er fredag 1 . mars.

Regionråda skal senda brev til Fylkesmannen med prioritering mellom søknadane innan den same fristen. For at Regionrådet i Nordhordland skal kunne prioritera og grunngje søknadane, må kommunane senda ein kopi av søknaden, eller dersom søknaden ikkje er endeleg ferdig, ei prosjektskisse av prosjektet til post@nordhordland.net seinast **innan fredag 15. februar.**

Kopi av endeleg søknad må sendast Nordhordland Utviklingsselskap IKS, post@nordhordland.net **innan fredag 1. mars.**

Me viser elles til detaljer i skrivet frå Fylkesmannen. Ta gjerne kontakt med oss dersom de har spørsmål eller gode prosjekt de vil diskutera. Det vil også vera stor fordel om kommunane melder tilbake kva prosjekt som kan vera aktuelt å søkja så tidleg så mogleg.

Kontaktperson er Rune Heradstveit, mobil 907 53 459, eller e-post: rune@nordhordland.net

Med venleg helsing



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Skriv frå Fylkesmannen datert 19. november 2018 «Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt kommunane - 2019